

Møteinnkalling

Utvalg: Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen
Møtested: , e-postmøte
Dato: 11.05.2021
Tidspunkt:

Eventuelt forfall må meldes snarest til xxx. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 21/2021	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Innspel til planprogram - Innlandet - regional plan for klima, energi og miljø		2021/4058
ST 22/2021	Utladalen landskapsvernområde - Utsiktspunkt Vettisfossen - Uttale frå Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen		2019/12439
ST 23/2021	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Innspel til planprogram - Arealdelen av kommuneplan - Årdal kommune		2021/5142

Saksframlegg

Arkivsaksnummer: 2021/4058-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 03.05.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	21/2021	11.05.2021

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Innspel til planprogram - Innlandet - regional plan for klima, energi og miljø

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen er tilfreds med at god besøksforvaltning er sett på dagsorden i planprogrammet. Den regionale planen bør konkretisere nærare korleis dette kan utviklast i praksis. Nasjonalparkstyret vil oppfordre til at eit utviklingsprosjekt for besøksforvaltning blir ein del av handlingsprogrammet i «Regional plan for klima, energi og miljø». Prosjektet bør organiserast som eit samarbeid der heile det store kompetansemiljøet på bruk-vern-feltet i Innlandet blir involvert. Vi ser det som naturleg at nasjonalparkstyra og -forvaltarane blir involverte i dette arbeidet.

For å kunne leggje til rette for auka verdiskaping knytt til nasjonalparkane og dei andre verneområda i innlandet, er det viktig å ha ei aktiv forvaltning som sikrar at bruken skjer på ein måte som ikkje går ut over verneverdiane. Dette krev både tilstrekkelege ressursar og god organisering. Det er viktig å bygge opp eit system som sikrar at informasjon når ut til brukarane og at det blir bygd gode system for kanalisering av ferdsel utanom sårbare område.

Utvikling av randområdsone til verneområda, med tilrettelegging av gode og funksjonelle innfallsportar, kan vera eit viktig bidrag i verdiskapinga.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

Innlandet fylkeskommune har sendt planprogrammet for tre regionale planar på høyring:

- Regional plan for samfunnssikkerhet
- Regional plan for klima, energi og miljø
- Regional plan for det inkluderende Innlandet

Plandokumentene kan lesast her: <https://innlandetfylke.no/politikk/du-kan-pavirke/horinger/>

Av dei tre regionale planprogramma er det programmet for *Regional plan for klima, energi og miljø* som går inn på tema som kan vera relevante for nasjonalparkstyret sitt ansvarsområde. Det er derfor berre dette planprogrammet som blir omtala vidare i saksutgreinga.

<https://innlandetfylke.no/f/p1/if1106d10-e227-4428-864b-fb4ac83c3547/forslag-til-planprogram-regional-plan-for-klima-energi-og-miljo.pdf>

Saksopplysningar

Høyringsinstansane er inviterte til å koma med innspel på kva dei meiner er dei viktigaste moglegheitene, og de største utfordringane innan klima, energi og miljø- både i eigen kommune/region og i Innlandet generelt. Sjølve planarbeidet er planlagt starta opp i august 2021 og skal vera ferdig vinter/vår 2022/23.

Regional plan for klima, energi og miljø -planprogram

Formålet med planarbeidet er å utforme, konkretisere og koordinere ein offensiv klima- og miljøpolitikk for Innlandet. Klima- og miljøomsyn skal vektleggast i alle samfunnsspørsmål, men dei skal tilpassast at vi lever i både by og bygd. Det handlar om å forvalte naturressursane på ein berekraftig måte og å skape nye grønne arbeidsplassar. Planen skal ha mål og strategiar for utviklinga innan temaet, og det skal utarbeidast eit handlingsprogram for gjennomføring av planen.

I planprogrammet står m.a. følgjande:

Næringsutvikling henger tett sammen med arealforvaltning og -disponering, og vil derfor være en viktig påvirkningsfaktor for naturmangfoldet i Innlandet. Samtidig er natur- og kulturarvsopplevelser, tilrettelegging for friluftsliv og reiseliv en viktig del av arbeidet med å styrke Innlandsidentiteten. Attraktive lokalsamfunn og muligheter for gode opplevelser vil bidra til økt interesse og flere gjestedøgn. «Bruk og vern» er et nøkkelbegrep i forvaltningen av Innlandets natur og kulturarv. Gjennom god besøksforvaltning har man mulighet til å kanalisere ferdsel og bidra til at tilrettelegging for friluftsliv og naturopplevelser skjer på en skånsom måte, at de mest sårbare områdene får ligge urørt, og at verdiskapinga skjer lokalt.

Planarbeidet er prosjektorganisert med politiske styringsgrupper for kvar av dei tre regionale planane. For regional plan for klima, energi og miljø består den politiske styringsgruppa av Aud Hove (SP) (leiar), Hanne Alstrup Velure (H), Hans Kristian Enge (AP), Johannes Christian Wahl Gran (MDG)

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av reviderte vedtekter gjeldande frå 01.01.2020. Styret kan gje uttaler til saker som angår nasjonalparkane direkte eller indirekte.

Vurdering

Det er knytt store verdier til fjellområda i Innlandet, både når det gjeld tradisjonell landbruksdrift, reiseliv, friluftsliv og naturverdier. Innlandet har heile 11 nasjonalparkar med areal heilt eller delvis innan fylkesgrensene. Nasjonalparkane med tilhøyrande verneområde blir forvalta av nasjonalparkstyre med lokal og regional representasjon, og 12 av forvaltarane som utgjer sekretariat for nasjonalparkstyra her er lokalisert på kontorplassar i Innlandet.

Det har dei seinare åra vore auka fokus på nasjonalparkane som grunnlag for verdiskaping. Miljødirektoratet lanserte i 2015 ein ny merkevare- og besøksstrategi for Norges nasjonalparker, der budskapet er Velkommen inn! Ein føresetnad for auka bruk av

verneområda i verdiskaping er at bruken skal skje på ein måte som ikkje går ut over verneverdiane, men i enkelte område kan det oppstå konflikter mellom rekreasjonsbruken og naturverdiane; dette gjeld særleg for villreinen.

Fleire av parkane har villrein som ein viktig verneverdi, og Noreg har eit internasjonalt ansvar for å ta vare på den siste europeiske villreinen. Villreinstammen i Vest-Jotunheimen har sitt leveområde i nasjonalparkkommunane Årdal og Luster i Vestland. Det er ikkje villrein innan Innlandet sin del av nasjonalparken, men verneområda har andre kvalitetar som er viktige å framheve i ein regional plan for klima og miljø.

For å unngå bruk som går ut over verneverdiane er det viktig å utvikle metoder for å styre og kanalisere ferdselen, t.d. gjennom fysiske tiltak i marka og informasjon. Dette vil vera ein viktig føresetnad også for å skape nye arbeidsplassar innan reiseliv og opplevingsturisme.

Det er positivt at besøksforvaltning er sett på dagsorden i planprogrammet. Noreg har tradisjonelt hatt mindre fokus på aktiv besøksforvaltning enn det som er vanleg i andre europeiske land. Som nasjonalparkfylke med mange verneområde som også blir nytta i reiselivsutvikling, bør Innlandet arbeide for utvikling av eit prosjekt for besøksforvaltning som del av handlingsprogrammet i «Regional plan for klima, energi og miljø». Prosjektet bør organiserast som eit samarbeid der store kompetansmiljø på bruk-vern-feltet i Innlandet blir involvert. Aktuelle aktørar frå kompetansmiljøet er Fylkeskommunen, Statsforvalteren, Nasjonalparkstyra, naturinformasjonssentra, fjellstyre, Statens Naturoppsyn, FOU-miljø, regionale reiselivsorganisasjonar, Villreinnemndene og -utvala, Turistforeningane i Innlandet, nasjonalparkkommunane.

Saksframlegg

Arkivsaksnummer: 2019/12439-39

Saksbehandlar: Eldrid Nedrelo

Dato: 05.05.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	22/2021	11.05.2021

Utladalen landskapsvernområde - Utsiktspunkt Vettisfossen - Uttale frå Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

Innstilling frå forvaltar

Med bakgrunn i sårbarheitsvurderingar i det aktuelle området ved Vettisfossen tilrår Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen/Styringsgruppa for prosjektet at ein i det vidare arbeidet med prosjektet avgrensar ei evt. utkraging av utsiktspunktet til maks 3 meter, og at ein planlegg med mest mogleg tette sideveggar på rampa.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen – Forslag til organisering av prosjekt og samarbeidsavtale sak 5/2020
- Utsiktspunkt Vettisfossen – Presentasjon av Mulighetsstudie – 16. desember 2020 – Dronninga landskap
- Uttale fra ornitolog Geir Høitomt
- Verneforskrift for Utladalen landskapsvernområde av 14.11.14

Saksopplysningar

Nasjonalparkstyret har i sak 9/2020 prioritert tiltaksmidlar i 2020 til forprosjekt for nytt utsiktspunkt ved Vettisfossen, og i sak 12/2021 har styret prioritert tiltaksmidlar til detaljprosjektering og evt. oppstart for same formål i 2021.

Nasjonalparkstyret fatta vedtak om organisering av prosjektet i sak 5/2020.

Nasjonalparkstyret fungerer som styringsgruppe i prosjektet og forvaltarane sit i prosjektsekretariatet saman med dagleg leiar i Utladalen Naturhus. Prosjektgruppa har i tillegg til prosjektsekretariatet representantar frå grunneigar, Årdal kommune, Utladalen Naturhus, , og Statens Naturoppsyn Jotunheimen.

Styringsgruppa er ansvarleg for at dei økonomiske rammene blir haldne, og skal godkjenne arbeidet som blir gjort av prosjektgruppa.

Verneforskrifta for landskapsvernområdet set strenge rammer for handlingsrommet. Med bakgrunn i dette ønskjer nasjonalparkstyret å kome med ei tilråding føringar for det vidare arbeidet med prosjektet.

Nasjonalparkstyret har tidlegare gjort slik vurdering om behovet for eit nytt utsiktpunkt:

Plattformen ved Vettisfossen var etablert før området vart verna, og i 2002 og 2009 vart det utført reparasjonar av installasjonen. Rampa og gjerdet ut mot Utladalen er i ei slik forfatning at innretningane enten må fjernast eller erstattast av eit nytt anlegg. Vettisfossen har slik attraksjonskraft at ein ser fjerning som heilt uaktuelt. For å gjera området sikrere og for å førebygge skader på vegetasjon og terreng må det settast i verk tiltak. Aktuelt tiltak er av ein slik karakter at ein ser for seg behov for eit spleiselag mellom fleire partar.

I 2019 vurderte nasjonalparkstyret at det var behov for følgjande tiltak:

- Det er nødvendig med utskifting av stolpar og treverk som er i ferd med å rotne, ikkje noko kan brukast oppatt og alt må skiftast ut.
- Det bør engasjerast arkitekt/landskapsarkitekt for utarbeiding av eit skisseprosjekt som grunnlag for søknad om tiltaksmidlar. Rammer for oppdraget er å innordne seg vedteken designmanual i materialval og design, og at utstrekning av nytt anlegg i hovudsak held seg innan ytre rammer for det eksisterande anlegget.
- Ei utsiktsplattform som går ut over kanten kan vera meir praktisk, for å hindre at folk går på utsida av gjerdet for å få beste biletet av fossen.
- Det er behov for geolog/geoteknikkar for vurdering av fjellkvalitet og forankring ute på (evt. ut over) kanten. Det vart engasjert geolog av Årdal Utvikling (Å. U.), og denne rapporten bør gjerast tilgjengeleg for å kunne vurdere behovet for eventuelle vidare utgreiingar.
- Gjerde/vaier langs stien opp frå Vetti bør også oppgraderast som deltiltak av prosjektet *Utsiktpunkt Vettisfossen*.
- Eventuelle tiltak skal gjennomførast i nær dialog med grunneigar.

Innanfor den løyvde ramma for tiltak utsiktpunkt Vettisfossen vart det hausten 2020 gjennomført synfaring med arkitekt/landskapsarkitekt for å få innspel gjennom ein enkel moglegheitsstudie på kva ein kan få til med tanke på dei gjevne vilkåra ovanfor. Erfaringane frå synfaringa danna grunnlag for eit skisseframlegg til oppgradering av anlegget ved Vettisfossen, inkl. vurdering av kostnadsomfang frå Dronninga landskap og ingeniør frå DIFK. Dette arbeidet munna ut i ein moglegheitstudie som vart levert nasjonalparkstyret den 16.12.2020.

Følgjande vilkår ligg til grunn for det vidare arbeidet:


- Hovudformålet med tiltaket er sikring mot kanten av juvet.
- Like viktig er at ein må unngå unødig store inngrep i landskapet. Utladalen er verna som landskapsvernområde i medhald av naturmangfaldlova, og det inneber at nye tekniske inngrep er underlagt særse strenge vurderingar.
- Grunneigar er positiv til oppgradering av utsiktpunktet, men ønskjer ikkje noko stort byggverk eller tilrettelegging for opphald ut over ein trygg plass for å nyte utsikta og ta ein kort rast. Grunneigar er oppteken av behovet for utskifting av anlegget som er der i dag med tanke på sikring mot kanten. Grunneigar meiner utstrekninga av eit nytt anlegg bør halde seg innan dei ytre ramme for det eksisterande anlegget, og det er ikkje ønskeleg med vegger eller andre element som vil prege landskapet.
- Eksisterande gjerde og utsiktsrampe er ikkje synleg for dei som tek turen inn under fossen i dag.

- Stien inn frå Vetti mot foten av fossen er sterkt utsett for ras/steinsprang, så det kan vera ein fordel om folk heller tek turen opp på utsiktspunktet dersom dette blir betre tilrettelagt.
- Kostnader kan vere ein avgrensande faktor, samfinansiering er difor avgjerande for det vidare arbeidet med prosjektet.


Utsiktspunkt Vettisfossen – Utdrag frå presentasjon av Mulighetsstudie – 16. desember 2020 – Dronninga landskap

ANBEFALT TILTAK

- Nytt utsiktspunkt
- Sikre kanten
- Flytte stien lenger bak
- Fjerne farlege trakk
- Skilting – informasjon
- Heilskapleg sikring av stien frå Vetti Gard



ANBEFALT FROSLAG TIL UTKIKKSPUNKT
Bæring i rekkverk, trappa dekke – Utkraving 1 – 6 m:



Innspel til arbeidet frå ornitolog Geir Høitomt, som tidlegare har utført sårbarheitsanalyser for fugl i området:

«Viser til Teams-møte i dag. Viser også til notat om Vettisfossen og sårbart fugleliv fra Johannes Skahjem (datert 12.04.2021), samt skisse av nytt utsiktspunkt ved Vettisfossen som var vedlagt i epost fra Eldrid Nedrelo 15.4.2021.

- ..
- Dagens ferdsel ved Vettisfossen er stor (fortrinnsvis i sommerhalvåret), og må påregnes å øke.
- Dagens tilrettelegging for ferdsel ved Vettisfossen styrer i mindre grad ferdsel i området. Erfaringsmessig ferdes mange ut på bergkanten, og på ulike steder. Hovedformålet er god utsikt mot fossen og gode fotomuligheter.
- Den skisserte tilretteleggingen (utsiktsrampe) vil i mye større grad styre ferdselen ut på ett punkt. Dette bidrar til mindre uforutsigbar ferdsel og vil være gunstig for trua og

sårbare arter. Styring av ferdsel på godt tilrettelagt sti inn mot utsiktsrampa vil i denne sammenheng være viktig.

- *Utgraving av rampa bør begrenses til et nødvendig minimum (1 – 3 meter) for å oppnå god sikt til fossen. Rampa bør i størst mulig grad ha tette vegger ut på begge sider.*
- *Anleggsfasen må legges utenom hekketid, dvs. etter 15. juli (optimalt 1. august). Bruk av helikopter til inntransport av materialer etter dette tidspunktet vil ikke være konfliktfyllt ..»*

(Innspelet er sladda for opplysningar som er unnateke offentlegheit i medhald av offentleglova § 24 tredje ledd).

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av reviderte vedtekter gjeldande frå 01.01.2020. Styret kan gje uttaler til saker som angår nasjonalparkane direkte eller indirekte.

Verneformål – forskrift

Verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde vart fastsett ved Kongeleg resolusjon av 14.11.14. *Formålet med landskapsvernområdet er å ta vare på eit vilt og vakkert vestlandslandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi og som er identitetsskapande, i tilknytning til Jotunheimen nasjonalpark.*

Vidare er formålet med vernet å ta vare på:

- *eit naturområde med rikt dyre- og planteliv som pregar dette.*
- *eit eigenarta, ope og vakkert natur- og kulturlandskap med høg fjell, brear og geologiske avsetningar, der kulturlandskapet med beitebruk, gards- og stølsbygningar og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.*
- *naturmangfald som pregar landskapet med naturtypar frå lågland, dalar og skogslie til høg fjell og artar knytte til desse.*
- *særprega vassdragsnatur og landskapsformer.*

Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

Verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde har forbod mot inngrep «*som vesentleg kan verke inn på landskapet sitt særpreg eller karakter, jf. § 3. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta pkt. 1.2 og 1.3 er det forbod mot inngrep som vegbygging, oppføring og ombygging av varige eller mellombelse bygningar, gjerde, anlegg og innretningar... bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, opparbeiding og merking av stiar, løyper og liknande.*» Etter verneforskrifta pkt. 1.3 kan forvaltingsstyresmakta likevel gi løyve til

a) Ombygging og utviding av eksisterande bygningar, anlegg og innretningar.

d) Bygging av bruer og legging av klopper

e) Merking av nye stiar, oppsetting av skilt og vegvisarpiler og kvisting av nye løyper.


Med bakgrunn i behovet for sikring med nytt gjerde og å leie besøkande til eitt bestemt utsiktspunkt slik at dei ikkje går utpå kanten i eit større område, meiner ein at tiltaket vil måtte framstå som eit nytt anlegg. Det er difor ikkje noko spesifisert unntak for bygging av utsiktspunkt i verneområdet, og tiltaket må difor behandlast etter verneforskrifta § 4 første alternativ, jf. naturmangfaldlova § 48.

Forvaltningsplan

Forvaltningsplanutkastet frå 2008 gir ikkje føringar for sikringstiltak ved utsiktspunkt, men sikringstiltak for friluftslivet/ferdsel er m.a. omtala slikt: «Som hovudregel skal sikringstiltak for å lette ferdsla eller gjere ferdsla tryggare ikkje vere nokon praksis i verneområda, fordi dei utgjør varige inngrep, og fordi retten til fri ferdsel i utmark kviler på at ferdsla skjer på eige ansvar. Det er valt å gjere unntak frå dette på to punkt på T-merkte stiar i nasjonalparken: Kjetting på «Vesleløyfti» på stien frå Besseggen ned til Gjendesheim (2005) og wire ved Bukkelegret (etablert før nasjonalparkvernet, men løyve til vedlikehald blir gjeve)..»

Vidare står det m.a. at Det vil vere viktig å ikkje senke terskelen for sikringstiltak, og fylkesmennene vil generelt vere restriktive med slike tiltak. Dette er også understreka av Direktoratet for naturforvaltning.»

Forvaltningsplanen deler verneområdet inn i ulike soner etter grad av tilrettelegging, og gjennom differensiert forvaltningspraksis tek ein sikte på å ta vare på områda markert med grønt på forvaltningsplankartet mest mogleg uforstyrta. Sonene gjeld både for tekniske inngrep og ulike aktivitetar. Hurrungane ligger i grønn sone med svært streng dispensasjonspraksis, og søknader her blir i all hovudsak avslått. Kartutsnittet under viser sonedelinga i forvaltningsplanen:



Vettisfossen ligg i gul sone, brukssone teig 11.

I forvaltningsplanen står m.a. følgjande om soneinndelinga: «Med unntak av nokre mindre område definert som sone med spesiell tilrettelegging og inngrep, omfattar brukssona dei områda som ikkje er omfatta av urørt natur. Den overordna strategien for brukssona er at den tilrettelegginga som er der i dag kan haldast ved like eller fornyast. Utanom mindre justeringar/endingar skal det ikkje koma nye tiltak utover slike som er nemnde spesielt i planen.

Vidare står det om «brukssone»: «*Dette er område der forsiktige tiltak, tilrettelegging og inngrep for det enkle friluftslivet kan tillatast, som merking av stiar og bygging av sjølvbetjente/ubetjente turlagshytter innanfor eit planlagt rutenett.*»

Teig 11: Heimre Utladalen

«*Retningslinjer: ...Ved tilretteleggingstiltak og restaurering av byggverk og stiar skal tidlegare standard og utforming vere retningsgjevande.*»

Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon evt. kan vurderast, men åpnar for tiltak som «ikkje strir mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig». Begge vilkåra må vere oppfylt. Dispensasjon må heller ikkje gjevast om vilkåra er oppfylt. Skjønn og instruksar frå overordna styresmakter spelar også inn. Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene for vernevedtaket, men skal fanga opp uføresette eller spesielle tilfelle som ikkje var vurdert på vernetidspunktet.

Rettleiar frå Miljødirektoratet M106-2014 - Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter - viser m.a. til følgjande når det gjeld bruk av § 48 som unntaksregel:

.. Tiltaket eller aktiviteten vil være i strid med verneformålet dersom en tillatelse vurderes å ha en negativ påvirkning på verneformålet samlet sett.

Alle dispensasjonar skal også vurderast etter prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12.

Presedens

Tidlegare plattform var etablert før vernet, og ein vurderer at tiltaket vil vere til det beste for verneformålet og verneverdiane. Ein kan såleis ikkje sjå at det er kan førekoma andre liknande tilfelle i Jotunheimen eller andre verneområde, og nasjonalparkstyret meiner difor at tiltaket ikkje vil skape uheldig presedens.

Vurdering

Som nemnt tidlegare var plattformen ved Vettisfossen etablert før området vart verna, og i 2002 og 2009 vart det utført reparasjonar av installasjonen. Rampa og gjerdet ut mot Utladalen er i ei slik forfatning at innretningane enten må fjernast eller erstattast av eit nytt anlegg. Vettisfossen har slik attraksjonskraft at ein ser fjerning som heilt uaktuelt. For å gjera området sikrere og for å førebygge skader på vegetasjon og terreng må det settast i verk tiltak.

Vettisfossen er det høgste uregulerte fossefallet i Noreg og Nord-Europa. Fossen har ei særleg attraksjonskraft og besøkande går heilt ut på kanten av fossejuvet for å sjå foten av fossen. For å unngå slitajse, forstyrring av trua og sårbare artar, og uønska hendingar på kanten av juvet er det behov for å styre ferdsla lenger inn frå kanten og til eit bestemt, forutsigbart punkt, utsiktspunktet.

I prosjektarbeidet med etablering av nytt utsiktspunkt på Vettisfossen er det teke utgangspunkt i moglegheitsstudien frå Dronninga landskap. Gjennom moglegheitsstudien tilrår ein å sikre med nytt gjerde mot kanten av fossejuvet på deler av strekinga mellom brua over Morka-Koldedøla og sjølve utsiktspunktet. Ein tilrår også å flytte stien lenger inn i terrenget (bort frå kanten) for å styre ferdsla til dei besøkande til utsiktspunktet på ein mest mogleg trygg måte, og å fjerne gamle trakk på kanten. Slik håpar ein å unngå at folk går ut på kanten utanom utsiktspunktet.

Vettisfossen er eit ynda turmål og fotoobjekt, og det er mange som kryssar gjerdet og går heilt ut på kanten mot fossejuvet i dag. For at besøkande skal få sjå det dei ynskjer, er det difor viktig å legge til rette for at dei får sett så mykje av fossen som råd. Ideelt ville ein lagt til

rette for at ein kunne sjå heile foten av fossen frå utsiktspunktet, men moglegheitsstudien viser at det ikkje let seg gjere utan at inngrepet i landskapsvernområdet blir for stort.

Eksisterande utsiktspunkt ligg plassert på kanten av fossejuvet, men har ikkje utkraging og er ikkje synleg sett nedanfrå. I presentasjon av 16.12.2020 tilrår Dronninga landskap etablering av eit nytt utsiktspunkt med bæring i rekkverk, trappa dekke og utkraging 1-6 m (jf. bilete ovanfor under «Bakgrunn for uttalen»). Det er førebels ikkje teke stilling til kor stor utkraging det er ønskje om i prosjektet.

Ein søknad om dispensasjon for etablering av nytt utsiktspunkt vil måtte vurderast etter verneforskrifta § 4, jf. naturmangfaldlova § 48. Når nasjonalparkstyret mottok dispensasjonssøknaden frå Utladalen Naturhus vil ein vurdere alle naudsynte moment i saka samla, og også gjere ei vurdering etter prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12. Ein ser likevel behov for å gi ei førebels vurdering om utkraging på noverande tidspunkt av omsyn til ressursar og kostnader i det vidare arbeidet i prosjektet.

Etter verneforskrifta § 4 første ledd *kan forvaltingsstyresmakta gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig*. Med bakgrunn i sårbarheitsvurderingar i område, viser ein til vurdering og tilråding frå Geir Høitomt om at *«Utkraging av rampa bør begrenses til et nødvendig minimum (1 – 3 meter) for å oppnå god sikt til fossen. Rampa bør i størst mulig grad ha tette vegger ut på begge sider.»*

Tiltaket som er under planlegging skal i størst mogleg grad tilpassast landskapet, jf. verneformålet. Det vil kunne vere til skade for trua og sårbare artar dersom det vert for omfattande, og ein tilrår med bakgrunn i anbefalinga frå Høitomt at utkraginga blir avgrensa til maks 1-3 m, og at ein i det vidare arbeidet planlegg med mest mogleg tette vegger på rampa. Høitomt uttalar også at *«Den skisserte tilretteleggingen (utsiktsrampe) vil i mye større grad styre ferdselen ut på ett punkt. Dette bidrar til mindre uforutsigbar ferdsel og vil være gunstig for trua og sårbare arter. Styring av ferdsel på godt tilrettelagt sti inn mot utsiktsrampa vil i denne sammenheng være viktig.»* Med bakgrunn i dei vurderingane som er gjort ovanfor, meiner nasjonalparkstyret at ved å styre ferdsla slik det er tilrådd i moglegheitsstudien så vil tiltaket samla sett vere positivt av omsyn til verneverdiane og verneformålet i området. Nasjonalparkstyret meiner difor det er grunnlag for å arbeide vidare med prosjektplanane.

Konklusjon

Med bakgrunn i sårbarheitsvurderingar i det aktuelle området ved Vettisfossen tilrår Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen/Styringsgruppa for prosjektet at ein i det vidare arbeidet med prosjektet avgrensar ei evt. utkraging av utsiktspunktet til maks 3 meter, og at ein i det vidare arbeidet planlegg med mest mogleg tette vegger på rampa.

Saksframlegg

Arkivsaksnummer: 2021/5142-1

Saksbehandlar: Eldrid Nedrelo

Dato: 05.05.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	23/2021	11.05.2021

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Innspel til planprogram - Arealdelen av kommuneplan - Årdal kommune

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen har følgjande innspel til planprogrammet for arealdelen i kommuneplan for Årdal:

- Kap. 1.2: Her bør det leggst inn ei presisering om at desse områda er verna i medhald av naturmangfaldlova. Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen er forvaltingsmyndigheit for nasjonalparken og landskapsvernområdet, og Statsforvaltaren er forvaltingsmyndigheit for naturreservatet. Verneforskriftene legg føringar for bruken av naturen, samstundes som den unike naturen er ein stor verdi og ressurs for både innbyggjarar og tilreisande.
- Kap. 3.1.2. Øvre Årdal og Utladalen: Her bør det nemnast at Utladalen er ein viktig hovudinnfallspurt til Jotunheimen og at som nasjonalparkkommune ønskjer Årdal kommune å legge godt til rette for dei besøkande i nasjonalparken.
- Nasjonalparkstyret meiner at tilrettelegging for vidare fritids- og reisemålsutvikling bør sjåast i samanheng med styring av besøkande og besøksforvaltning. (Besøksstrategi for Jotunheimen og Utladalen).

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

Årdal kommune har varsla oppstart av revisjon av kommuneplanen sin arealdel. Planprogram for revisjonen er lagt ut til høyring/offentleg ettersyn på kommunen sine heimesider: <https://www.ardal.kommune.no/aktuelt/varsel-om-oppstart-og-hoyring-av-planprogram-kommuneplan-for-ardal-kommune-arealdelen.4459.aspx>

Saksopplysningar

Opplysningar, synspunkt eller planar som kan vera av interesse for saka kan sendast til Årdal kommune innan høyringsfristen den 30.05.21.

Mottekne merknader/uttalar til planprogrammet vil bli samanstillt og vuerdert i sak som ligg ved planprogrammet i samband med handsaming/fastsetjing i kommunen.

Fastsett planprogram vil bli lagt til grunn for det vidare arbeidet med utarbeiding av planframlegg med tilhøyrande konsekvensutgreiing. Før planen vert vedteken skal den leggst ut på høyring. Både høyring og planvedtak vil bli varsla/kunngjort.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av reviderte vedtekter gjeldande frå 01.01.2020. Styret kan gje uttalar til saker som angår nasjonalparkane direkte eller indirekte.

Vurdering

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen viser til Varsel om oppstart og høyring av planprogram – kommuneplan for Årdal kommune, arealdelen på kommunen sine heimesider. Planprogrammet har med viktige problemstillingar som også er viktige for forvaltning av verneområda. Nasjonalparkstyret vil koma med nokre kommentarar.

Eitt av formåla med planarbeida er å integrere «Nasjonalparkkommune» som premis for arealbruksstrategiane i kommuneplanen. Dette tykkjer nasjonalparkstyret er svært positivt. I kap. 1.2 er det presisert at «*Merkevara Norges nasjonalparkar skal bidra til å auke bruken på ein berekraftig måte. Fokusområda er verdiskaping (økonomisk, kulturell, sosial og miljømessig), forvalte tilreisande og styrke vernet.*» I denne samanhengen er det viktig å hugse på at merkevara bidreg til å samle alle verneområda og nasjonalparkkommunen under ein visuell identitet.

Vidare nemner kommunen i det same kapittelet (1.2) Jotunheimen nasjonalpark, Utladalen landskapsvernområde, og Kvitingismorki naturreservat og at «*kommunen har forplikta seg til å ta vare på dei natur- og verneverdiane som er knytt til desse områda.*» og at «*desse områda er føresett følgt opp gjennom detaljplanlegging samt den løpande handsaminga av søknader og gjennomføring av tiltak som ei oppfølging av kommuneplanen.*» Her bør det leggst inn ei presisering om at desse områda er verna i medhald av naturmangfaldlova. Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen er forvaltningsmyndigheit for nasjonalparken og landskapsvernområdet, og Statsforvaltaren er forvaltningsmyndigheit for naturreservatet. Verneforskriftene legg føringar for bruken av naturen, samstundes som den unike naturen er ein stor verdi og ressurs for både innbyggjarar og tilreisande.

Under kap. 3.1.2. Øvre Årdal og Utladalen, bør det nemnast at Utladalen er ein viktig hovudinnfallspurt til Jotunheimen og at som nasjonalparkkommune ønskjer Årdal kommune å legge godt til rette for dei besøkande. Her har Årdal kommune gjort eit flott arbeid med utviding av parkeringsplassen og tilrettelegging for besøkande i samarbeid med andre aktørar i 2021, m.a. nasjonalparkstyret.

Kap. 4.1 handlar om Nasjonalparkkommunen Årdal – velfungerande, attraktive og næringsvenlege tettstader og grender. Her viser ein m.a. til at «*Vidare oppfølging vil verte ivareteke med utgangspunkt i mål/strategiar nedfelt i samfunnsdelen, handlingsplanar og den daglege forvaltninga.*» Arbeidet med revidering av forvaltningsplan for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde med besøksstrategi vil starte opp i 2021. Årdal kommune har nyleg fått invitasjon til, og vil vere representert i Administrativt kontaktutval (AU). Dette utvalet vil fungere som ei arbeidsgruppe for planarbeidet på vegner av nasjonalparkstyret. Kommunen har også representantar i Rådgevingande Utval og i nasjonalparkstyret. Samhandling mellom planprosessane (kommuneplan og forvaltningsplan) bør nemnast i planprogrammet.

Målsetjinga med besøksstrategien for Jotunheimen og Utladalen (2013-2017) har vore:

1. *Bidra til å gje dei besøkande ei betre oppleving*
2. *Bidra til å auke verdiskapinga i lokalsamfunna rundt verneområdet*
3. *Bidra til å ta vare på naturverdiane i verneområdet og i randsona*

Ein ser såleis at det er stor overlapp mellom målområda for planarbeida. Sidan 2013 har m.a. tiltak retta mot opprusting av innfallsportane vore prioriterte tiltak i besøksstrategien for Jotunheimen og Utladalen i regi av nasjonalparkstyret. I 2020 utvikla nasjonalparkstyret ei ny, besøksretta nettside for Jotunheimen og Utladalen: www.jotunheimen.info

Nasjonalparkstyret meiner at tilrettelegging for vidare fritids- og reisemålsutvikling bør sjåast i samanheng med styring av besøkande og besøksforvaltning.

Oppsummering

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen har følgjande innspel til planprogrammet for arealdelen i kommuneplan for Årdal:

- Kap. 1.2: Her bør det leggst inn ei presisering om at desse områda er verna i medhald av naturmangfaldlova. Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen er forvaltingsmyndigheit for nasjonalparken og landskapsvernområdet, og Statsforvaltaren er forvaltingsmyndigheit for naturreservatet. Verneforskriftene legg føringar for bruken av naturen, samstundes som den unike naturen er ein stor verdi og ressurs for både innbyggjarar og tilreisande.
- Kap. 3.1.2. Øvre Årdal og Utladalen: Her bør det nemnast at Utladalen er ein viktig hovudinnfallsport til Jotunheimen og at som nasjonalparkkommune ønskjer Årdal kommune å legge godt til rette for dei besøkande i nasjonalparken.
- Nasjonalparkstyret meiner at tilrettelegging for vidare fritids- og reisemålsutvikling bør sjåast i samanheng med styring av besøkande og besøksforvaltning. (Besøksstrategi for Jotunheimen og Utladalen).